

Båtlaget med mange gode tiltak i 2018.

24.02.2018



Uskedal Bålag si båthamn er på det jevne godt besøkt på sommaren. Mange faste båtgjester finn sin plass i Uskedalen.

Uskedal Bålag hadde nyleg årsmøte og vedtok eit handlingsprogram for tiltak som skal gjerast i 2018. Ei av oppgåvenen er få ny asfalt etter det store arbeidet som vart gjort med drenering og opprustning av plassen. Eit anna tiltak er innføring av differensierte leigesatsar for gjestebåtar ut frå storleik.

Uskedal Bålag kan syna til god og stabil drift i 2017. Båtlaget har tru på framtida og vil gjea nokre tiltak som vil gjea båthamna meir attraktiv. Vedlikehald er alltid viktig for å ivareta sikkerhet og miljøkrav. Det elektriske anlegget skal mellom anna sjekkast.

Båtlaget vil sjå over alle intsallasjonar under vatn. Olav Tvilde og Leif Jarle Bergstø ser til at dette vert gjort. Det vert opprustning av slippen og tett ved kjem det ny flytebrygge. Det vert montert port ved Strandstova for å hindra unødig gjennomkjøring. For dei som treng det, vil ein få utkvittert nøkkel til bommen.

Det må markerast at båtlaget har fått strandstove. Strandstova er alt teken i bruk. Eit båtag frå Sotra, som gjesta Uskedalen i 2017, hadde alle sine samlingar med grilling, allsong og sosialt samvær i Strandstova.

Båtlaget vil støtta Knut A. Myklebust sitt tiltak med å byta til eit betre WEB kamera. Mange av brukarane på campingen og i båthamnene set stor pris på dette tilbodet. Ein kan utan å vera på plassen fylgja med på hytter og båtar i allslags ver.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Øystein Enæs



Båthamna er godt synleg i innseglinga til Kvinnherad med eigen logo og Ulvanoso som eit markert landemerke.